



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 16.01.2018

Vår ref.: 2018/487

Arkivnr.: 350

Bokn kommune
Boknatun
5561 Bokn

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Bokn kommune 11. og 18. april 2018

Tilsynet har heimel i lov om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 10.

Tema for tilsynet

Tema for tilsynet er Bokn kommune si oppfylting av pliktene etter § 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen vil undersøke om Bokn i tråd med krava i lov og forskrift kan dokumentere at kommunen har:

- ein heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- gjennomført øvingar
- eit system for opplæring av tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evaluert øvingar og ekstraordinære hendingar.

Deltaking

Frå Fylkesmannen møter fylkesberedskapssjef Reidar Johnsen (revisjonsleiar) og seniorrådgivar Maren Skåden (revisor).

Vi ber om at følgjande møter frå kommunen:

- ordførar
- rådmann
- beredskapskoordinator
- informasjonsansvarleg
- kommunaldirektør eller tilsvarande med ansvar for kommuneplan
- arealplanleggjar
- eventuelt andre som er sentrale i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap (til dømes med heilskapleg ROS-analyse eller beredskapsplan)

Dokumentasjon

Vi ber kommunen sende denne dokumentasjonen til Fylkesmannen innan **9. mars 2018**:

- heilskapleg ROS-analyse
- dokumentasjon på handsaming av heilskapleg ROS-analyse i kommunestyret
- invitasjon til eksterne aktørar om deltaking i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse
- langsiktige mål, strategiar og prioriteringar for samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i Bokn kommune
- plan for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap i kommunen, og dokumentasjon på at planen er følgd opp gjennom tiltak (til dømes i økonomiplan eller andre dokument)
- kommunen sin overordna beredskapsplan
- plan for helse og sosialberedskap og smittevernplan, inkludert pandemiplan
- beredskapsplan for vassforsyninga og siste tilsynsrapport frå Mattilsynet på dette området
- samfunnsdelen av gjeldande kommuneplan
- kommunen sin planstrategi
- evalueringsrapportar frå uønskte hendingar som har skjedd etter sist tilsyn i kommunen, og dokumentasjon på eventuelle system/prosedyrar for å følgje opp slike hendingar
- evalueringsrapportar frå øvingar som er gjennomført etter sist tilsyn
- eventuelle rapportar frå kommunen sin eigenkontroll om samfunnstryggleik og beredskap
- organisasjonskart for kommunen
- namn og stilling på personar som kommunen meiner er aktuelle for intervju, sjå lista ovanfor.

De kan gjerne sende oss dokumentasjonen elektronisk. Kontaktinformasjon er nedanfor. Dersom dokument eller deler av dokument er unntatt offentleg innsyn, ønskjer vi om å bli varsla om dette.

Rammer for tilsynet

Fylkesmannen skal som kjent halde rettleiingsmøte 21. februar med kommunane som får tilsyn i 2018. Sjølve tilsynet blir gjennomført etter systemrevisjonsmetoden så langt det høver. Først går vi gjennom dokumentasjon frå kommunen. På første tilsynsdag **11. april** er det opningsmøte og intervju. Sluttmøtet (omtrent 45 minutt) ønskjer vi **18. april**. Etter tilsynet lagar Fylkesmannen rapport med eventuelle avvik frå lov- og forskrift.

Praktisk informasjon

Om dagane for tilsynsbesøket ikkje passar, ber vi kommunen foreslå nye tidspunkt. Vi ber og om at kommunen peiker ut kontaktperson for tilsynet.

Etter at vi sett gjennom grunnlagsmaterialet vil vi komme tilbake med detaljert program og tidsplan for tilsynet. Vi reknar med at kommunen stiller lokale til disposisjon for opningsmøte, intervju og sluttmøte. Om mogleg ønskjer vi at utstyr til bruk av PowerPoint er tilgjengeleg i opningsmøtet. Vi har med oss eigen datamaskin.

Eventuelle spørsmål kan rettast til revisjonsleiar Reidar Johnsen (fmrørjo@fylkesmannen.no), eller revisor Maren Skåden (fmromar@fylkesmannen.no).

Med helsing

Jan Petter Stangeland
fung. avdelingsdirektør

Maren Skåden
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Maren Skåden

Saksbehandlar telefon: 51 56 88 32

E-post: fmromar@fylkesmannen.no